



KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO


Saksbehandlar, innvalstelefon
Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Oversending av søknad om utgreiing av grensejustering mellom kommunane Fjord og Stranda - Liabygda

Statsforvaltaren sendar over søknad om utgreiing av grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune. Det er Liabygda Vel som har sendt inn søknaden.

Det er Statsforvaltaren si tilråding til departementet at søknad om utgreiing av grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune blir innvilga.

Liabygda er ei bygd i Stranda kommune som ligg på nordsida av Storfjorden, med grense til Fjord kommune. Det bur i dag 184 innbyggjarar i Liabygda. Stranda kommune har totalt 4348 innbyggjarar, og Fjord kommune har 2492 innbyggjarar¹.



Kart 1 – oversikt, sjå vedlegg 6

¹ Tal henta frå Statistisk sentralbyrå februar 2024



Saksgong

Statsforvaltaren fekk den 21. desember 2023 ein søknad om utgreiing av grensejustering frå Kjartan Lied, sendt på vegne av Liabygda Vel, sjå vedlegg 1. Ei underskriftsliste signert av 110 innbyggjarar følgjer søknaden, sjå vedlegg 2.

Vi orienterte kommunane om søknadane den 22. desember 2023, og bad om ein uttale til saka innan 10. februar 2024 (sjå vedlegg 3). Det blei i ettertid gitt utvida høyringsfrist, til 1. mars 2024.

Fjord kommunestyre behandla saka i møte den 8. februar 2024 (sak 008/24), sjå vedlegg 4. Det blei fatta følgjande samrøystes vedtak:

«Fjord kommune stiller seg positive til ei grensejustering der Liabygda vert ein del av Fjord kommune.»

Stranda kommunestyre behandla saka i møte den 28. februar 2024 (sak 018/24), sjå vedlegg 5. Det blei fatta følgjande vedtak:

«Stranda kommune ber departementet avvente vurdering og behandling av grensejustering, inn til kommunen har fått gjennomført grundig utgreiing av utvida samarbeid med kommunane Fjord og/eller Sykkylven.


Kommunestyret ber komunedirektøren gjennomføre søknad til Statsforvaltaren om tilskot til ein slik prosess, og sette i gang dette arbeidet snarast råd.

Kommunedirektøren kjem attende med ny sak når det har vore gjennomført reelle samtalar og avklaringar.»

Søknaden

Initiativrett etter inndelingslova

Liabygda Vel har på vegne av innbyggjarane i Liabygda sett fram ein søknad om at det blir sett i gong utgreiing av grensejustering. Søkarane ber om at ei utgreiing av grensejustering for Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune blir sett i gong.



Kart 2 - foreslått kommunegrense, sjå vedlegg 7



Det er vår vurdering at grenseendringa som det er søkt om utgreining av, er å sjå som ei grensejustering etter definisjonane i inndelingslova § 3.

Det følgjer av inndelingslova § 8 at ein innbyggjar og grunneigar i dei kommunane søkeren gjeld, eller næringsdrivande som har registrert forretningsstad der, kan søke om at det settast i gong ei utgreining av grensejustering av eit område. Søkarane er innbyggjarar i Liabygda, og dei har derfor initiativrett etter inndelingslova § 8.

Grunngjeving for søkeren

Det blir i søkeren vist til eit folkemøte som fann stad i Liabygda den 17. april 2023, der Liabygda Vel blei bedt om å søke om utgreining av grensejustering.

Søkarane peikar på at bygda har hatt ein nedgang i folketal dei siste åra, med få fødslar og lite tilvekst til bygda. Det er ikkje tilbod som barnehage og skule i bygda. Stranda kommune kjøper barnehage- og skuleplassar til innbyggjarane i Liabygda frå Fjord kommune. Det er i dag ein omsorgsbustad med plass til ni bebuarar i Liabygda. Innbyggjarane i Liabygda er uroa for drifta av omsorgsbustaden.

Det blir i søkeren vist til at innbyggjarane i Liabygda er sterkt knytt til Fjord kommune. Det er mellom anna mykje samarbeid mellom lag og organisasjonar i Liabygda og i Fjord kommune. Innbyggjarane i Liabygda nyttar i stor grad tenester i Fjord kommune, til dømes tannlege og lege, og i mindre grad tenestene som finst i Stranda kommune.

Søkarane meiner det vil ha praktiske føremon for innbyggjarane i Liabygda å ha ei landfast og sikker tilknyting til sitt kommunesenter, barnehage, skule og andre helsetenester.

Statsforvaltarens vurdering

Rettsleg utgangspunkt

Inndelingslova er ei prosess- og gjennomføringslov som seier noko om kva reglar som gjeld ved gjennomføringa av ei grenseendring. Føremålsparagrafen til inndelingslova slår fast at lova skal legge til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning innanfor rammene av det nasjonale fellesskapet. Føremålsparagrafen har i seg sjølv ikkje nokon sjølvstendig betydning, men den vil tene som ei retningslinje ved tolking og bruk av rettsreglane i lova, då den seier noko om kva sentrale omsyn som ligg bak rettsreglane.

Det er Kommunal- og distriktsdepartementet som avgjer om det skal settast i gong ei utgreining av grensejustering. I tidlegare grensejusteringssaker har departementet gitt uttrykk for at ei grensejustering først og fremst skal vere eit verktøy for å kunne tilpasse kommunegrensene til eksisterande handelsmønster og tenestebruk, for slik å legge til rette for ei meir tenleg ramme for folk sine dagleliv både i det praktiske og i eit demokratisk perspektiv.

Departementet har vidare lagt til grunn at det som eit utgangspunkt bør vere knytt utfordringar til dagens kommunegrense, som ei grensejustering kan tenkast å løyse, dersom departementet skal sette i gong ei utgreining av grensejustering.



Med bakgrunn i dei forholda som det er vist til ovanfor vil det i vår vurdering av søknaden vere naturleg å sjå nærmare på følgjande forhold:

- handelsmønster og tenestebruk
- infrastruktur, kommunikasjonsforhold, reiseveg/reisetid til kommunesenter
- korleis det aktuelle området nyttar kommunale tenester (kva type tenester og omfang)

I tillegg vil det vere relevant å ta omsyn kva dei involverte kommunane meiner og kor mange innbyggjarar som står bak initiativet.

Vår vurdering

Liabygda ligg på nordsida av Storfjorden, landfast med Fjord kommune. Det bur 184 innbyggjarar i Liabygda, og dei har eit landareal på 68 km². Liabygda er knytt til kommunesenteret i Stranda kommune på andre sida av Storfjorden, gjennom ferjesambandet Stranda – Liabygda. Overfarta tek om lag 13 minutt. Det er ferjeavgang kvar halvtime, med unntak på kveld (frå 19.45) då går ferja ein gong i timen. Frå ferjeleiet er det nokre minuttars gange til kommunehuset.

Frå Liabygda til Valldal, som er kommunesenteret i Fjord kommune, er reisetida om lag 15 min (13,5 km). Frå Liabygda til kommunehuset i Stordal i Fjord kommune, er reisetida om lag 17 min (14,6 km)².

Søkarane har som grunngjeving for sin søknad vist til at dei i stor grad nyttar kommunale tenester og andre tenester i Fjord kommune, og at det er stor grad av samarbeid mellom lag og organisasjonar i Liabygda og i Fjord kommune. Det er vår vurdering at søkerane har vist til relevante forhold i sin søknad og vi legg vekt på desse i vår vurdering.

Vi tar i vår vurdering også omsyn til kommunane sine høyingsuttaler. I høyingsuttalen frå Fjord kommune er det vist til at kommunen er positive til at det blir sett i gong ei utgreiing av grensejustering av Liabygda.

I høyingsuttalen frå Stranda kommune er det vist til at ein ønskjer å vente med utgreiing i påvente av ei grundig utgreiing av eit utvida samarbeid mellom kommunane Stranda, Fjord og Sykkylven.

Det er positivt at Stranda kommune ønskjer ei utgreiing av eit tettare interkommunalt samarbeid med sine nabokommunar. Det er vår vurdering at eventuelle prosessar knytt til eit framtidig interkommunalt samarbeid ikkje får direkte innverknad på avgjerdene om det skal settast i gong utgreiing av grensejustering av Liabygda. Føremålet med ei utgreiing er sjå om ei grensejustering vil kunne gi ein betre kommunestruktur eller ikkje. I ei eventuell utgreiing vil det vere relevant å sjå på kva som finst av interkommunalt samarbeid og eventuelle pågående prosessar knytt til dette. Vidare vil vi peike på at ei eventuell grensejustering i seg sjølv ikkje vil vere noko hinder for eit tettare interkommunalt samarbeid mellom Stranda, Fjord og Sykkylven.

Vi finn ut ifrå dette ikkje grunn til å legge avgjerande vekt på høyingsuttalen frå Stranda kommune i vår vurdering.

Liabygda sin geografiske plassering, eksisterande infrastruktur og kommunikasjonsforhold samt dagens bruk av kommunale tenester i Liabygda, gir slik vi vurderer det, grunnlag for å starte opp ei

² Bruk av Google Maps veibeskrivelse



utgreiing av ei grensejustering. I den samanheng nemner vi at dei same forholda blei lagt vekt på då vi i 2018 rådde Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å starte ei utgreiing av grensejustering av Liabygda.

Til slutt finn vi å legge vekt på at det står eit større tal innbyggjarar bak søknaden, der 110 av 184 innbyggjarar har signert på ei underskriftsliste som følgjer søknaden.

Vår tilråding til Kommunal- og distriktsdepartementet

Det er Statsforvaltaren si tilråding til departementet at søknad om utgreiing av grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune blir innvilga.

Vi sender med dette saka over til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedleggsliste:

- Vedlegg 1 - søknad om grensejustering
- Vedlegg 2 - underskriftsliste
- Vedlegg 3 - brev frå Statsforvaltaren
- Vedlegg 4 - vedtak frå Fjord kommune
- Vedlegg 5 - vedtak frå Stranda kommune
- Vedlegg 6 - kart 1
- Vedlegg 7 - kart 2

Kopi til:

FJORD KOMMUNE	Postboks 144	6211	VALLDAL
STRANDA KOMMUNE	Øyna 13	6200	STRANDA
Kjartan Olav Lied	Liagarden 68	6212	LIABYGDA